



## Bruk av Optima pH4 til gris

**Fødselshjelp:** Vask området rundt vulva med **Optima pH4 hudvask for dyr**. Bruk rikeleg med **Optima pH4 gel** på hansken når du utøver fødselshjelp; og legg igjen ein del gel i børen etterpå.

**Bogsår hos purke:** Det er kun bogsår i dei første stadiane som skal behandlast. Vask først med **Optima pH4 hudvask for dyr**. Påfør deretter **Optima pH4 gel** i rikelege mengder. Bruk gelen 1-3 g pr dag.

**Andre mindre overflatsår** kan du behandla på same måte. Det er særleg viktig at småsår på jur og spenar ikkje får utvikla seg.

**Mage/tarm plager på spe- og smågriser:** Lag ei tynn velling av smågrisfôr i 10 l vatn. Tilset 0,5 liter **Optima pH4 organiske syrer** og 0,2 liter **Optima pH4 mageregulator**.

**Reinhald med Optima:** Godt reinhald er viktig ikkje minst i fødebinge og smågrishjørna. Men rydd ikkje ut dei gode bakteriane i lag med dei skadelege! Og tenk gjerne på miljøet. Med **Optima pH4 universalvask** og **Optima pH3,6 organiske syrer** gjer du reint på ein miljøvenleg måte, og du øydelegg ikkje dei gode bakteriane. Ekstra smittereduksjon oppnår du ved bruk av organiske syrer på i fødebinge og smågrishjørna. Dette kan gjerast med dyr i bingen.

Purka vaskar du med **Optima pH4 hudvask for dyr**. Viss du i tillegg strør med tørt strø av tre ligg alt det miljømessige godt til rette.

**Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!**